FULLT TRØKK: Vamp er revitalisert, og leverte varene på Arena fredag kveld. **ALLE FOTO: HARALD ONARHEIM**

Vamp leverte varene med skyhøgt nivå

●●●●● KONSERT

Med: Vamp (Øyvind Staveland, Odin Staveland, Jan Ingvar Toft, Bjørn Berge, Kjetil Dalland og Lars Eirik Støle)
Kvar: Arena, fredag kveld
Publikum: 400 (fullsett)

Det var fullsett på Arena fredag kveld då Vamp entra scenen presis klokka sju.

Vamp osar av profesjonalitet, og for ein meldar som faktisk aldri har høyrt Vamp live før, var det inntrykket av kvalitet som sat att etter konserten.

Litt tøys og tull frå Jan Toft på slutten sette berre ein ekstra spiss på det.

Kvar for seg består Vamp av musikarar på høgt nivå, men det er samspelet og tryggleiken på scenen som gjer bandet til det dei er.

Dei to nyaste medlemene, tysnesingen Kjetil Dalland på bass og Bjørn Berge på gitar gjorde jobben sin på ein framifrå måte.

Bjørn Berge briljerte med heftige riff, og var åleine verd billetten.

Allsongfaktoren var høg. «Na, na, na, na, na, na, na», «Tir n'a Noir» og «Når eg ser ein liten fuggel» runga i lokalet.

Stemninga var god, men diverre var det, som ofte før, ein del av publikum som delvis øydela konsertopplevinga for dei andre.

Det vart mykje hysjing på pratesjuke som mangla respekt både for musikarane og dei som var komne for å ei god konsertoppleving.

➤ **Harald Onarheim**

GITARIST: Bjørn Berge på gitar er blant dei nye medlemmene i Vamp, saman med bassisten Kjetil Dalland frå Tysnes.

GLADE: Charlotte og Vilde Eilertsen kosa seg på konsert med Vamp på Arena.

FORBIGÅTT: Stord er ikkje lenger den kommunen med flest nynorskelevar. Biletet er frå Sagvåg skule tidlegare i haust, då nynorskavisa Framtida junior vart lansert.
FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Det tettar seg til i nynorsktoppen

Stord har mista plassen som landets største nynorskkommune

Torsdag la Utdanningsdirektoratet fram nye tal som viser at Hå kommune for første gong i historia er blitt den kommunen som har flest nynorskelevar i grunnskulen.

Kommunen på Jæren har no 2.512 nynorskelevar, fem fleire enn Stord. Stord har lenge vore kommunen med flest nynorskelevar i Norge.

Os kommune fekk 135 fleire nynorskelevar i 2017, og Hå kommune 67 fleire. Stord fekk 39 fleire elevar.

I 2020 vil fleire kommunar slå seg saman. Slik det ser ut i dag, vil det vera nye Sunnfjord kommune som får flest nynorskelevar. I dag har dei fire kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal 3107 nynorskelevar.

Like bak kjem Bjørnefjorden kommune (Os og Fusa) med 2890 nynorskelevar og nye Ålesund med 2.642 nynorskelevar. Nye Øygarden kommune (Øygarden, Sund og Fjell) har i dag 2.543 elevar med nynorsk. Men veksten i talet på elevar med nynorsk varierer, så mykje kan enno endra seg.

I heile Norge er det 76.352 elevar med nynorsk som hovudmål i dette skuleåret. Det er ein nedgang på 197 elevar frå sist skuleår.

I Hordaland auka talet på nynorskelevar med 151. Det var òg auke i fem andre fylke.

Oppland hadde størst nedgang i talet på nynorskelevar, her blei det 101 færre elevar med nynorsk dette skuleåret. Seks andre fylke hadde òg nedgang i talet på nynorskelevar.

Talet på bokmålselevar gjekk opp frå 547.551 i førre skuleår til 551.214 elevar dette skuleåret.

➤ **Svein Olav B. Langåker,** framtida.no

KOMMUNANE MED STØRST VEKST I TALET PÅ NYNORSKELEVAR

Kommune	Elevar i 2017	Elevar i 2016	Auke
Os	2490	2355	135
Hå	2512	2445	67
Karmøy	1356	1305	51
Lindås	1481	1439	42
Sund	845	804	41
Ålesund	672	631	41
Stord	2507	2468	39
Vågsøy	620	588	32
Bø	234	206	28
Førde	1881	1853	28